

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** mandag 28. januar 2019 12:25  
**Til:** Nytt att. hivolda.no  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 3/2019, 18. JANUAR 2019.

### **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 3/2019, 18. JANUAR 2019.**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no)

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

### **DEKANSTILLINGANE: FORLENGA UTLYSING**

Tilsettingsutvalet har vedteke å forlenge søknadsfristen på dekanstillinga ved Avdeling for kulturfag. Det melde seg fire søkjarar på stillinga og tilsettingsutvalet håper på eit breiare søkjargrunnlag ved å forlenge søknadsfristen. I tillegg er det fleire andre ledige stillingar ved Høgskulen i Volda. Her er oversyn over ledige stillingar:

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

### **HVO-FAGFOLK SAMARBEIDER MED IKUBEN (MOLDE)**

Høgskulen i Volda har vorte medlem i kompetansenettverket iKuben som held til i Kunnskapsparken i Molde.

Høgskulens representantar inn i arbeidsgruppene i iKuben er desse: ONA-samarbeid (Offentleg, næringsliv, akademia): Randi Bergem og Bjørn Tafjord (begge ASH). Innovasjonsmetodikk: Synnøve H. Amdam (AMF) og Janne Heggvoll (AKF). Kommunikasjon: Kristian Fuglseth (AMF). Nettsida til ikuben: <http://ikuben.no/>

### **PEDAGOGISK BASISKOMPETANSE OG MERITERING AV UNDERVISNING: HØYRINGSFRIST 25. JANUAR**

Alle høgskular og universitet skal få på plass ein god måte å praktisere krav til pedagogisk basiskompetanse og system for meritering av undervisning. På Høgskulen i Volda har ei arbeidsgruppe leia av dekan Odd Ragnar Hunnes sidan våren 2018 arbeidd med desse spørsmåla, og arbeidsgruppa kom med eit framlegg i fjor haust. I dette framlegget er hovudvekta lagt på dei overordna spørsmåla. Strategisk studienemnd sende framlegget på ei brei intern høyring til avdelingane og fagforeningane, og høyringsfristen vart sett til 25. januar 2019. Arbeidsgruppa vil ta med seg innspela og eventuelt endre framlegget før saka seinare blir lagt fram for høgskulestyret. Etter den første styrebehandlinga, vil arbeidsgruppa arbeide vidare med konkretisering og presisering av ordningane fram mot ei avsluttande behandling i styret. Her er saksutgreiinga som vart lagt fram i Strategisk studienemnd i november 2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/256733?agendaItemId=203016>

### **PÅMINNING: UTLYSING AV FORSKINGSMIDLAR FRÅ REGIONALT FORSKINGSFOND - FRIST 13. FEBRUAR**

Regionalt Forskningsfond for Midt-Noreg har til å søkje på forskingsmidlar. Det er 18 millionar kroner tilgjengeleg og søknadsfristen er alt 13. februar. Bedrifter, klynger og kommunar kan søkje, men må samarbeide med FoU-miljø. Ta kontakt med forskingsleiar Henriette Hafsaas om du vurderer å søke. Meir informasjon på fondets nettsider:

<https://www.forskningsradet.no/servlet/web/prognett-midtnorge/Utlysning/RFFMIDT/1253960376462>

### **FRIST FOR Å SØKJE FOU-STIPEND FOR HAUSTEN 2019 – 1. FEBRUAR**

Det er sett av 5 ekstra FoU-stipend for hausten 2019. Søknadsfristen er 1. februar 2019:

<https://www.hivolda.no/forsking/stotteordningar/fou-stipend/sok-pa-fou-stipend>

### **REISENYTT: BONUSPOENG PÅ FLYREISER**

Flybonuspoeng opptent gjennom tenestereiser kan ikkje nyttast til private reiser. Flybonuspoeng tjent opp gjennom tenestereiser kan berre nyttast til nye tenestereiser.

### **REISENYTT: FØLG MED PÅ WIDERØES NETTSIDER**

Den siste veka har det vore store problem med flytrafikken på Hovden, og ein dag vart mange fly omdirigert til Vigra. Følg med på flytrafikken på Hovden på Widerøes nettsider: <https://www.wideroe.no/fly-i-rute/orsta/volda>

### **NYTILSETTE VED HØGSKULEN I VOLDA**

Line Lauvsnes Oddekalv har teke til i fast stilling som ny informasjonssjef ved Høgskulen i Volda. Oddekalv kjem frå stillinga som kommunikasjonssjef i Elkjøp. <https://www.hivolda.no/tilsette/kommunikasjon/line-lauvsnes-oddekalv>  
Niels Jørgen Andreasen har teke til i prosjektstilling som prosjektleiar ved Høgskulen i Volda. Andreasen skal samordne store prosjekt som nybygget, ein ny campusutviklingsplan og også andre prosjekt ved høgskulen. <https://www.hivolda.no/tilsette/okonomi/niels-jorgen-andreasen>

### **UT MED BOKHYLLA!**

Fleire og fleire tilsette ved Høgskulen i Volda har dei siste åra fått mindre og mindre bruk for hyller på kontora sine og fått hyllene fjerna. No har det blitt så mange herrelause hyller at drift ikkje lenger har plass til dei og no har dei begynt å gi vekk bokhyller som det ikkje lenger er bruk for. Førebels er det tilsette som har fått tilbod om å hjelpe høgskulen med å bli kvitt hyllene som det ikkje lenger er bruk for.

### **BIBLIOTEKET VAR OPE OGSÅ I JULA: TRE BOKLÅNARAR PÅ JULEKVELDEN**

Biblioteket ved Høgskulen i Volda var ope for sjølvbetjening også i jule- og nyttårshelga og hadde i alt 121 brukarar. Til og med på julekvelden var det tre personar som nytta seg av biblioteket. Det er ikkje usannsynleg at det var tre vise menn på ferde.

### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019**

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

- 21.1.2019: Møte med Volda kommune og andre interessentar om utvikling av høgskuleområdet
- 24.1.2019: Opprykksmarkering for fagleg tilsette for åra [2016-2017-2018](#) (Rekkedal gjestehus)
- 24.-25.1.2019: Fagdag i geriatri (i samarbeid med Helse Møre og Romsdal, Sjustjerna helse og omsorg)
- 6.2.2019: Internasjonal dag. <https://www.hivolda.no/en/international/international-week-international-day>
- 14.2.2019: HMS-dag. Tema: Seksuell trakassering.
- 21.-22.3.2019: Avdelingsseminar ASH
- 22.2.2019: NSD informerer forskingsutvalet og faglege leiarar om personvern i forskning.
- 7.3.2019: Styremøte nr 1/2019
- 3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest. <http://uhnnettvest.no/>
- 10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning) <https://www.hivolda.no/its-volda>
- 23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF
- 2.5.2019: Styremøte nr 2/2019
- 13.6.2019: Styremøte nr 3/2019
- 17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>
- 19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)
- 20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)
- 20.8.2019: Semesterstart 2019-2020
- 18.-29.9.2019: Forskningsdagane 2019. Tema: Miljø. <https://www.forskningsdagene.no/>

### **HVO I MEDIA**

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:  
[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

### **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

### **REKTORBLOGGEN**

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

### **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr/>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 20

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

